

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Epost: birte.tuxen.bo@sfj.no

Dale 06.november 2015

Søknad om stimuleringstilskot

Vi syner til HPN-sak 19/15 vedkomande stimuleringstilskot i samband ved etablering av Hafs Utvikling AS og samarbeid mellom kommunane i Hafs regionen.

Hafs Utvikling AS var operativt frå 01.juli 2015 og vil blant anna utføre førstelinjeteneste og forvaltning av felles næringsfond for kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund.

Hyllestad kommune har omstillingsstatus ut 2015 og vil først inngå avtale frå 01.01.2016, handsaming av denne avtalen vil vere i kommunestyremøte i desember.

Askvoll kommune har omstillingsstatus ut 2016 og vil gjennom omstillingsstyret disponere sitt næringsfond også dette året, førstelinjeteneste vert utført av personell tilsett i Hafs Utvikling AS frå 01.juli 2015

Fjaler kommune og Solund kommune har inngått avtale med Hafs Utvikling AS om felles næringsfond, forvaltning av dette og førstelinjeteneste, frå 01.juli 2015


Vi søker på dette grunnlag om stimuleringstilskot.

Felles næringsfond, Fjaler og Solund, halvt år: (100 000,- x 2 kommunar x 0,5 år) kr. 100 000,-

Felles førstelinjeteneste, Fjaler, Solund, Askvoll, halvt år: (100 000,- x 3 kommunar x 0,5 år) kr. 150 000,- Samla søknadssum kr. 250 000,-

Hafs Utvikling AS sin konto for næringsfond: 3705.29.37044

Med helsing



Anders Lien

Dagleg leiar

Vedlegg: Avtaler

Avtale om støtte til drift og utvikling av selskapet

HAFS Utvikling AS

1) Bakgrunnen for avtalen

Næringslivet sine interesseorganisasjonar i Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund er saman med kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund og næringselskapet Lutelandet Utvikling AS samde om å skipe eit felles utviklingselskap, HAFS Utvikling AS.

Selskapet vert skipa som eit dotterselskap under Lutelandet Utvikling AS, og har følgjande føremål jfr vedtektene sin paragraf 2:

Selskapet sitt føremål er å arbeide for å fremje vekst i næringslivet samt medverke til å sikre stabil og langsiktig folkevekst i HAFS-regionen, det vil seie i kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund gjennom næringsfremmande tiltak.

Selskapet skal ikkje betale utbytte. Dersom selskapet vert oppløyst, skal midlar som vert attende ved oppløysninga, nyttast til arbeid som så langt mogleg er samsvarande med selskapets føremål.

2) Eigartilhøve

Alle aksjane i HAFS Utvikling AS er eigde av Lutelandet Utvikling AS og Lutelandet Utvikling AS sitt styre er generalforsamling i HAFS Utvikling AS.

Selskapet si leiing framgår av vedtektene sin paragraf 6.

Aksjeeigar sitt ansvar for drift av selskapet er regulert i paragraf 5:

Driftstilskotet til aksjeselskapet skal fordelast etter særskilt avtale mellom Lutelandet Utvikling AS og kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund.

Sal av selskapets aksjar kan ikkje skje dersom dette reduserer selskapets evne til å ivareta føremålet.

3) Innhaldet i denne avtalen

Partane i denne avtalen (Hyllestad kommune, Askvoll kommune, Fjaler kommune, Solund kommune og morselskapet Lutelandet Utvikling AS forpliktar seg til å tilføre selskapet driftskapital i samsvar med følgjande kostnadsnøkkel:

Heile 1000	Innb	50% fast	50% pr. innb	Sum
Askvoll	3000	244.000	357.000	600.000
Solund	800	244.000	95.000	339.000
Fjaler	3000	244.000	357.000	600.000
Hyllestad	1400	244.000	166.000	410.000
Sum	8200	975.000	975.000	1.950.000

Kommunetilskota skal justerast kvart år i samsvar med konsumprisindeksen (første gong pr. 1. januar 2016) og utbetalast innan 1. februar for det påfølgjande driftsåret. Første driftsår (2015) skal driftstilskotet justerast i samsvar med oppstarttidspunktet og overføring av arbeidsoppgåver til det nye selskapet. For omstillingskommunane Hyllestad og Askvoll gjeld egne ordningar i omstillingsperioden (jfr. pkt. 6 og 7). Etter tre år (frå 01.01.18) kan innbyggjartalet i kostnadsnøkkel justerast i samsvar med gjeldande folketalsutvikling.

Lutelandet Utvikling AS tilfører driftskapital til HAFS Utvikling AS ut frå, og avhengig av, avtalefesta leigeinntekter og nedbetaling av gjeld, slik:

År	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Sum	1.865.000	1.454.000	2.850.000	2.900.000	2.900.000	2.900.000

4) Felles næringsstrategi

HAFS Utvikling AS skal i nært samarbeid og dialog med næringslivet og kommunane i regionen utarbeide ein felles strategi for utviklingsarbeidet. Kommuneplanane sine næringskapittel, næringslivet sine behov og utfordringar i rammevilkåra for næringsarbeidet, skal vere grunnlaget for utarbeiding og seinare revisjonar av strategien.

I tillegg til fortløpande kontakt med kommuneleiinga i aktuelle saker, skal HAFS Utvikling AS ein gong i året møte i kommunestyre eller formannskap i samarbeidskommunane og rapportere om oppnådde resultat og ta imot innspel til revisjon av næringsstrategien.

5) Kommunale næringsfond

Kommunane delegerer forvaltninga av kommunale næringsfond til HAFS Utvikling AS. Næringsfondsmidlane vert samla på felles konto og disponerte etter fastsette retningslinjer til dei føremåla som er prioriterte i felles næringsstrategi. Selskapet lagar felles rapport for bruk av næringsfondsmidlar til fylkeskommunen.

6) Særskilte tilhøve knytt til omstillingsstatus for Hyllestad

Hyllestad har status som omstillingskommune til og med 2015. Omstillingsstyret som er samansett av representantar frå næringslivet i Hyllestad og Hyllestad kommune, styrer bruken av omstillingsmidlar og kommunalt næringsfond ut 2015.

Hyllestad overfører forvaltninga av kommunalt næringsfond til HAFS Utvikling AS frå 1. januar 2016. Evt. avtale om tiltak for å forankre resultat frå omstillingsarbeidet i strategiplanen for HAFS Utvikling AS må gjerast direkte mellom Omstillingsstyret i Hyllestad og HAFS Utvikling AS.

7) Særskilte tilhøve knytt til omstillingsstatus for Askvoll

Askvoll har status som omstillingskommune til og med 2016. Omstillingsstyret som er samansett av representantar frå næringslivet i Askvoll og Askvoll kommune, styrer bruken av omstillingsmidlar og kommunalt næringsfond i omstillingsperioden til og med 2016.

Tiltaksmedarbeidarane i Askvoll vert overførte til HAFS Utvikling AS så snart dette er praktisk mogeleg i 2015. Frå overføringstidspunktet og ut omstillingsperioden (2016) yter Askvoll kommune eit driftstilskot til HAFS Utvikling AS tilsvarande samla løns- og kontorutgifter for desse tiltaksmedarbeidarane. (jfr. Handlingsplanen for omstillingsarbeidet i Askvoll for 2015 og 2016) Dette tilskotet vert i staden for det faste tilskotet i pkt. 3 for 2015 og 2016.

HAFS Utvikling AS forpliktar seg på desse vilkåra til å gjennomføre omstillingsarbeidet i samsvar med vedtekne planar, og under omstillingsstyret i Askvoll si overordna leiing i 2015 og 2016. Omstillingsstyret i Askvoll forpliktar seg på si side til å samordne sine aktivitetar så langt råd er med HAFS Utvikling AS sin næringsstrategi for resten av omstillingsperioden.

8) Tilsettingstilhøve

Etablering av HAFS Utvikling AS følger Arbeidsmiljølova sine reglar for verksemdoverdraging. Partane legg her til grunn ei juridisk vurdering frå Advokatfirmaet PWC v/advokat Mari Strøm. Dette inneber at tiltaksmedarbeidarar i samarbeids-kommunane og Lutelandet Utvikling AS vert overførte til det nye selskapet i den grad og utstrekning det er identitetssamanfall mellom dei aktuelle arbeidsoppgåvene. (jfr. styrevedtak i sak 015/15 i HAFS Utvikling AS)

Uavhengig av dette skal stillinga som dagleg leiar, og ei stilling med kontorstad ved avdelingskontoret i Solund, lysast ut snarast.

9) Lokalisering

HAFS Utvikling AS skal etablerast på to lokalitetar – eit hovudkontor i området Hyllestad/Askvoll/Fjaler og eit avdelingskontor i Solund. Det skal innhentast tilbod på kontorløysingar i desse geografiske områda. Styret fastset anbodskriteria og bestemmer lokalisering ut frå innkomne tilbod.

10) Sekretariatstenester

HAFS Utvikling AS kan yte sekretariatstenester til HAFS Regionråd og næringslivet sine interesseorganisasjonar i kommunane. Desse tenestene skal evt. finansierast særskilt gjennom eigne avtalar mellom næringslivsorganisasjonane og HAFS Utvikling AS, og ein eigen avtale mellom HAFS Regionråd og HAFS Utvikling AS. For regionrådet kan dette skje gjennom ei revidert utgåve av eksisterande avtale mellom HAFS Regionråd og Lutelandet Utvikling AS.

10) Klagerett i høve tilskot frå næringsfondet

Tildeling av tilskot frå kommunale næringsfond er omfatta av forvaltningslova og kan dermed påklagast. Det må dermed finnast eit felles klageorgan som kommunane kan vise til i sine (likelydande) delegasjonsvedtak. Kvar kommune oppnemner eit medlem til felles klagenemnd for næringsfondssaker i HAFS. Styret i HAFS Utvikling utarbeider retningslinjer for klagenemnda sitt arbeid. Klagenemnda konstituerer seg sjølv.

11) Oppseiing av avtalen

Denne avtalen gjeld i fire år frå 01.05.15. I avtaleperioden kan avtalen seiast opp med 2 års varsel frå oppseiingstidspunktet. Avtalen vert automatisk forlenga med eit år frå utløpsdato dersom han ikkje er oppsagd minst eit år før utløpsdato.

Dersom kommunestrukturen i avtaleperioden vert endra på ein slik måte at det ikkje lenger er naturleg å samarbeide om ein felles utviklingsorganisasjon i det området som avtalen no omfattar, skal avtalen takast opp til drøfting i samband med utgreiing og iverksetting av ny kommunestruktur.

FJALER KOMMUNE
Rådmannskontoret

HAFS Utvikling AS
6963 DALE I SUNNFJORD

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Vår ref.
13/2125-19/K1-026//OLH
15/5504

Dykkar ref.

Dato:
28.06.2015

Avtale mellom Fjaler kommune og HAFS utvikling AS

Saka var handsama i kommunestyremøte den 22.6.15, sak 47/15 og det var gjort slikt samrøystes vedtak:

22.06.2015 KOMMUNESTYRET

Handsaming i møtet:

Framlegg frå valnemnda:

Fjaler kommunestyre oppnemner følgjande som Fjaler kommune sine representantar i felles klagenemnd for næringsfondsaker i HAFS:

Medlem: Kjetil Fristad (AP)

Varamedlem: Kjetil Felde (SP)

Røysting:

Rådmannen sitt framlegg med valnemnda sitt framlegg til medlemmer vart samrøystes vedteke.

KOM-047/15 VEDTAK:

Fjaler kommune godkjenner avtalen mellom Fjaler kommune og HAFS Utvikling AS slik den ligg føre med verknad frå 1.7.15.

Fjaler kommune sin andel av tilskot for 2015 blir i høve til verknadstidspunkt, jf punkt 3 i avtalen, kr 300.000,-.

Fjaler kommune yter ikkje støtte til drift av Fjaler Næringsutvikling etter 1.7.15.

Fjaler kommunestyre oppnemner følgjande som Fjaler kommune sine representantar i felles klagenemnd for næringsfondsaker i HAFS:

FJALER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Medlem: Kjetil Fristad (AP)
Varamedlem: Kjetil Felde (SP).

Med helsing

Ola Hovland
rådmann

Direkte tlf: 57738055



Solund kommune

Solund Servicekontor

Hafs Utvikling AS
Næringstorget
6963 DALE I SUNNFJORD

ArkivsakID:
13/369

JournalID:
15/2323

Arkivkode:
K1-026

Dato:
20.08.2015

MELDING OM POLITISK VEDTAK

Solund kommunestyre handsama i møte 11.06.2015 avtale mellom Solund kommune og HAFS Utvikling AS og gjorde slikt samrøystes vedtak i saka:


KOM-026/15 VEDTAK:

Solund kommunestyre godkjenner avtale mellom Solund kommune og HAFS Utvikling AS slik den ligg føre.

Solund kommunestyre oppnemner Tom Færøy som Solund kommune sin representant og Sigve Lerpold som vararepresentant i felles klagenemnd for næringsfondsaker i HAFS.

Vedlagt fylgjer k-sak 026/15 Avtale mellom Solund kommune og HAFS Utvikling AS.

Med helsing


Sollaug Steinsund Osland
Konsulent

Kopi til:

Askvoll Kommune
Fjaler kommune
Hyllestad kommune
Sigve Lerpold
Tom Færøy

Postboks 174
Postboks 54
Håneset
Gåsvær

6988 ASKVOLL
6961 Dale i Sunnfjord
6957 HYLLESTAD
6924 HARDBAKKE
6924 HARDBAKKE